

## Notat i samband med Vestland fylke sine muskarordningar

*Førebelse innspel frå Voss herad, Ullensvang kommune, Hardanger og Voss museum, Ole Bull Akademiet og hardingfela.no*

Me ser særst positivt på at fylkeskommunen har teke initiativ til å sjå på muskarordningane på nytt, og har teke utgangspunkt i arbeidsdokumentet frå Vestland fylke, pkt. 11 i dokumentet - vegen vidare - moglege tilrådingar. Vårt hovudfokus har vore folkemusikken og folkedansen.

Me har også teke utgangspunkt i at det er både vilje og økonomi hjå både fylkeskommunen og kommunane til å utjamne skilnadane mellom den sørlege og nordlege delen av Vestland fylke i høve muskarordningane.

### 1. Kartlegging av interessa for ei eventuell utviding av distriktsmuskarordninga.

I ei slik kartlegging vil innsalsjobben av ordninga vera heilt avgjerande for at kommunane skal vurdere å tilsetje distriktsmuskarar. Ein lyt sjølvstendig vise til kva ein har fått til i Sogn og Fjordane og potensialet som ligg der. Samstundes lyt ein skissera ulike modellar for korleis kommunane evt. kan samarbeida om ei distriktsmuskarstilling, anten ved samarbeid på tvers av kommunegrensene eller med ulike institusjonar som Ole Bull Akademiet, museum m.m. I Hardanger er det allereie kulturskular som samarbeider om t.d. hardingfeleundervisninga (Ullensvang kommune sel tenester til Eidfjord, Ulvik og Granvinsdelen av Voss herad).

Det vil også vera viktig å synleggjera korleis ein kan nytta ei distriktsmuskarstilling i DKS-samanheng, sal av speleoppdrag, rekrutteringsarbeid (som t.d. Nøringen i Hardanger og Voss og Barsok i Sunnfjord), deltaking på ulike kurs, produksjon av førestillingar m.m.

Nokre praktiske spørsmål frå kommunane som bør klargjerast i kartleggingsdokumenta:

- a) Står kommunane fritt til å nytta den delen av stillinga som dei skal finansiera (75%)? T.d. at heile andelen av stillinga som kommunen finansierar vert nytta i kulturskuleundervisning?
- b) Kva krav er det til utøvarane som evt. kan få distriktsmuskarstillingane?
- c) Korleis er prosessen kring dei lærarane som allereie er tilsett i kulturskulen på aktuelle instrument? T.d. Ullensvang kommune som har lærar i kring 60 % på hardingfele i kulturskulen. Byrjar ein heilt på nytt med oppseiingar, utlysingar og tilsetjingar? Kva har ein gjort i Sogn og Fjordane?

Dei aller mest aktive kommunane i den sørlege delen av Vestland fylke innan folkemusikk og folkedans, både i kulturskulane og når det gjeld friviljug arbeid, er pr. i dag: Bergen, Osterøy, Kvam, Voss, Ulvik, Ullensvang og Eidfjord. Det vert spanande å sjå kva resultat ei kartlegging vil gje.

**2. Fylkesmusikarordninga vert på sikt 1) integrert i eksisterande distriktsmusikarordning som nye stillingar med folkemusikk som arbeidsfelt, eller at 2) frigjorte lønsmidlar vert omgjort til stipend- eller prosjektstønad øyremerka folkemusikk, ev. ein kombinasjon av 1) og 2) avhengig av resultatet av kartlegginga.**

Me ynskjer at fylkesmusikarordninga på sikt skal integrerast i følgjande punkt:

1. Eksisterande distriktsmusikarordning som nye stillingar med folkemusikk som arbeidsfelt
2. Fylkesdansarstilling\*. 2 stillingar. Ein i den sørlege delen av fylket (t.d. Voss) og ein i den nordelege delen (t.d. Sunnfjord)
3. Stillingsressurs i samarbeidsorganet for det profesjonelle og det friviljuge feltet

Vestland fylke har eigne folkemusikkstipend i dag. Folkemusikarar – og dansarar kan attåt søkje kunstnarstipend både lokalt, regionalt og nasjonalt. Me meiner det er viktigare med stillingsressursar enn med nye stipend.

\*Fylkesdansarstillingar. Me meiner det er større behov og mogelegheit for fylkesdansarar enn distriktsdansarar. Fylkesdansarar skal bidra på kurs kring i fylket, skapa nettverk og gje fagleg påfyll til det friviljuge feltet m.m. Det er særst få utdanna folkedansarar i dag og få med den realkompetansa ein treng som fylkesdansar. For å klara å få tak i dei beste kan ein t.d. tenkje seg avtalar med ulike dansekompani slik at fylkesdansarane også får fagleg påfyll. Stillingane bør vera på åremål med mogelegheit for forlenging

**3. Distriktsmusikarordninga sin fylkeskvote skal kunne fungere som ein ressurs i heile Vestland fylke.**

Dette er viktig både for å få spreidd ressursane i fylket og for å få til eit miljø på tvers av distriktsmusikarane. Me foreslår at fylkeskvoten kan koordinerast av samarbeidsorganet for det profesjonelle og det friviljuge feltet (sjå punkt under). Vestland fylke er eit stort fylke og det er viktig at arbeidet med fellesressursane vert lagt opp slik at ikkje all arbeidstida smuldrar bort i reise.

**4. Det vert oppretta to nye samarbeidsorgan**

***1. Samarbeidsorgan for det profesjonelle og det frivillige musikkfeltet***

Me tenkjer då samarbeidsorgan for det profesjonelle og det friviljuge musikkfeltet innan folkemusikk og folkedans.

Forslag til oppgåver til samarbeidsorganet

- Koordinera fylkeskvota til distriktsmusikarane og fylkesdansarane (deltaking på kurs spreidd i fylket o.s.v.)
- Skapa møteplassar for både dei profesjonelle og dei friviljuge
- Bidra til å spreie kunnskap om gode rekrutteringsprosjekt og koordinera dette
- Byggje opp eit talentutviklingsprogram innan folkemusikk og folkedans for Vestland fylke ved hjelp av distriktsmusikarane, det profesjonelle og det friviljuge musikkfeltet
- Laga innstilling til Vestland fylkeskommune sine folkemusikkstipend

Me er i starten av eit slikt samarbeidsorgan i dag. Komitéen for Vestland fylkeskommune sine folkemusikkstipend består av repr. frå Hordaland folkemusikklag, Sogn og Fjordane folkemusikklag, Hordaland ungdomslag, Sogn og Fjordane ungdomslag, Førdefestivalen, Osafestivalen og Hardingfela.no

Hardingfela.no er sekretariat for denne gruppa og jobbar ellers med både rekrutterings – og utviklingsprosjekt innan folkemusikk og folkedans. Me foreslår hardingfela.no som samarbeidsorgan med nemnde organisasjonar (samt repr. frå kulturskular og fylket m.fl.) med i rådet for samarbeidsorganet.

Ei slik rolle krev auka stillingsressursar i hardingfela.no, og ein lyt også sjå på eigarstrukturen m.m.

## ***2) Samarbeidsorgan for arkiv og museum med folkemusikken og den immatrielle kulturarven som arbeidsområde.***

Det eksisterar ulike nasjonale samarbeidsorgan gjennom Museumsforbundet. Behovet for eit nytt regionalt samarbeidsorgan må vurderast av dei ansvarlege for folkemusikkarkiva kring i fylket. Hardanger folkemuseum som er vertskap for Hardanger folkemusikksamling er positive til eit regionalt samarbeidsorgan.

Skrive med bakgrunn i møter:

*25.august 2020. Deltakarar:*

Kultursjef i Voss herad – Trude Letnes

Kulturskulerektor i Voss herad – Oddvar Nøstdal

Rektor ved Ole Bull Akademiet – Jo Asgeir Lie

Styrar ved Hardanger folkemuseum – Agnete Sivertsen

Prosjektleder for folkedanssatsinga til hardingfela.no – Magni Rosvold

Prosjektkoordinator for hardingfela.no – Rannveig Djønne (ref)

*26.august 2020. Deltakarar:*

Kultursjef i Ullensvang herad – Else Marie Sandal

Kulturskulerektor i Ullensvang herad – Eldbjørg Furholt

Styrar ved Hardanger folkemuseum – Agnete Sivertsen

Prosjektkoordinator for hardingfela.no – Rannveig Djønne (ref)